

VEDTEKTER

-FLORA TURLAG-

§1 FLORA TURLAG

Flora Turlag er eit medlemslag i Sogn og Fjordane Turlag som er tilslutta Den Norske Turistforeining. Flora Turlag utøver sitt arbeid i Flora kommune og tilliggande kyst- og fjellområde.

§2 FØREMÅL

Flora Turlag skal arbeide for å organisere og fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Dette føremålet søkjer laget å fremje ved å:

- Organisere eit allsidig fritidstilbod innan ulike typar naturaktivitetar. Tur- og aktivitetssopplegg omfattar tilbod til barn, ungdom og vaksne.
- Utvikle og vedlikehalde infrastruktur av hytter og stiar samt sikre korrekt informasjon om rute- og hyttenett på turplanleggaren, DNT sin digitale base.
- Etablere eit system for å ivareta sikkerheit knytt til hytter, stiar og aktivitetar som er i tråd med offentlege krav og retningsliner frå DNT sentralt.
- Arbeide med spørsmål av betydning for rammevilkåra for friluftsliv og naturvern på lokalt og regionalt nivå.
- Opprette utval/undergrupper der det er naturleg og stimulere til allsidige og differensierte aktiviteter innan sitt område.
- Utdanne og sertifisere turleiarar og instruktørar i tråd med krav og retningsliner.
- Samarbeide med andre organisasjonar, myndigheiter og ulike forvaltningsorgan.
- Arbeide med andre saker som årsmøtet og det styret finn styrkande og underbygg § 2 Formål.

§3 MEDLEMMAR

Medlemmane kan inndelast under ei av følgjande grupper:

1 Årsbetalande medlemmar:

Medlemmar som har betalt kontingent. Medlemskapen gjeld inntil utmelding eller at medlemmane vert strokne som følgje av manglande kontingentbetaling.

2 Æresmedlem:

Medlemmar som har ytt laget særlege tenester kan utnemnast til æresmedlem. Slike utnemningar vert gjort av årsmøtet etter forslag frå styret. Æresmedlemskap er ei utmerking som heng, og skal henge, svært høgt. Ein anslår ca. eitt til to medlemskap per generasjon, men dette er berre ein indikasjon på kor høgt utmerkinga skal henge, den kan verken vere avgrensande eller krevjande.

§4 ÅRSMØTE

Det øvste styringsorganet i Flora Turlag er årsmøtet. Årsmøte skal heldast innan utgangen av november månad.

Tidspunkt skal kunngjerast med tre vekers varsel på Flora Turlag sine nettsider. Forslag til valkomiteen skal sendast valkomiteen sin leiar tre veker før årsmøte. Saksliste til årsmøte vert lagt ut på Flora Turlag sine nettsider i førekant av årsmøte.

Alle medlemmar har forslags- og stemmerett og kan veljast til tillitsverv i alle ledd i organisasjonen frå det året dei fyller 15 år.

Årsmøte vert leia av vald møteleiar og skal gjennomførast etter god forretningsskikk.

Årsmøte skal handsama:

- a) Godkjenne innkallinga
- b) Godkjenne sakslista
- c) Val av møteleiar
- d) Val av 2 møtesekretærar
- e) Val av 2 til å skrive under protokollen
- f) Styret sin årsmelding
- g) Årsrekneskap
- h) Budsjett og handlingsplan
- i) Forslag som er fremma av styret eller forslag som er meldt inn
- j) Val av styret sin leiar
- k) Val av styremedlemmar
- l) Val av medlem til valnemnd
- m) Val av revisor

Saker som skal handsamast på årsmøte må vere styret i hende tre veker før årsmøte. Saker som skal handsamast på årsmøte må først ha vore behandla i styret. Årsmøte gjer sine vedtak med vanleg fleirtal, med unntak av saker angående lovending og oppløysing.

§ 5 STYRET

Styret skal ha det overordna ansvaret for drifta av Flora Turlag. Styret skal sørgje for forsvarleg forvaltning og halde seg orientert om foreininga si økonomiske stilling og plikter og sørgje for at verksemda, rekneskap og forvaltning av formue er gjenstand for forsvarleg kontroll. For at eit vedtak skal vere gyldig må minst tre styremedlemmer røysta for.

Styret skal bestå av leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, styremedlem og to varamedlemmar. Styreleiar er på val kvart år, og dei andre styremedlemmane vert valt for to år. Varamedlemmane vert valt for eitt år.

§6 VALNEMD

Valnemnda består av tre medlemmar, som alle veljast utanfor styret. Leiar av valnemnda veljast for to år og ved særskilt val. Medlemmane veljast for to år, men slik at minst eitt medlem er på val kvart år.

§7 NEMDER OG UTVAL

Styret set opp nemnder og utval.

§8 SIGNATUR

Leiar og eitt styremedlem bind saman laget med underskrifta si.

§9 ESKLUSJON

Styret kan støyte ut medlemmar som viser uverdige framferd eller på annan måte skader laget. Vedkommande kan anke avgjerda inn for årsmøtet.

§10 EKSTRAORDINERT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kallast saman av styret når dette finn det nødvendig, eller når minst 25 medlemmar krev det. På det ekstraordinære årsmøtet kan det berre treffast avgjerder i dei saker som er nemnt i innkallinga.

Innkalling skal skje snarast råd etter at styret har motteke krav frå medlemmane om å avhalde ekstraordinært årsmøte og styret har hatt rimeleg tid til å behandle innkomne forslag.

For innkalling, avstemmingar og stemmerett gjeld det same som for det ordinære årsmøtet.

§11 VEDTAKSENDRING

Endring av vedtektene skjer etter vedtak på årsmøtet. Til gyldig vedtak krevjast 2/3 fleirtal. Forslag om vedtektsendringar skal vere kunngjort på Flora Turlag si nettside minst 3 månadar før årsmøte.

§12 OPPLØYSING

Oppløysing av Flora Turlag kan berre vedtakast av to påfølgjande årsmøter og med 3/4 fleirtal. Viss oppløysinga er lovleg vedteke går laget sine midlar til Den Norske Turistforeining.

Lova vert sist endra 23.10.97 – endra 20.11.03 – endra (vedtekter) 29.11.2018